



anmeldelser

Traumatologi

CLAUS FALCK LARSEN, JAKOB ROED OG JØRGEN FALCK LARSEN


Traumatologi kom ut på forlaget Munksgaard Danmark i år som den første danske boka om skademedisin, berre eitt år etter den første svenske boka med same namn¹. Me har dermed fått to solide skandinaviskspråklege oversiktsbøker i dette omfattande, tverrfaglege feltet.

Claus Falck Larsen er ortoped og mellom anna tidlegare overlege på Rigshospitalets TraumeCenter i København. Jakob Roed er avdelingsoverlege ved neuroanestesiologisk klinikk ved Rigshospitalet. Jørgen Falck Larsen er tidlegare forfattar til fleire lærebøker og er professor emeritus i gynekologi og obstetikk.

Boka og DVD-en som følger med er i første rekke retta mot legestudentar og legar, men også anna helsepersonell involvert i traumepasientar. Boka følgjer ei meir eller mindre logisk oppbygging rundt stabilisering, diagnostisering og behandling frå skadestaden via sjukehus og operasjonsstova til rehabiliteringa.

Etter ein introduksjon om traumatologiens historie og epidemiologi, skriv forfattarane om den danske redningstenesta og apparatet rundt traumer. Deretter går boka inn på arbeidet ved skadestaden og dei prehospitala utfordringane før me reiser vidare til akuttmottaket. Her går ho i djupna på dei grunnleggjande ABC-ferdigheitene, sjokk, smertebehandling og bilettdiagnostikk. Så følgjer kapittel om traumer på spesifikke kroppsdelar, traumer hjå barn og hjå gravide. Spesielle typer traumer som forbrenningar, drukning og eksplosjonsskader har eigne kapittel.

Kirurgane spelar naturleg nok førstefiolin i arbeidet med den skadde, og dette ber boka preg av. Det eine kapittelet spesifikt om prehospital behandling handlar mest om oppbygginga av dei prehospitala tenestene og inneheld berre eit par sider om kva ein faktisk skal gjera når ein til dømes står midt opp i ei uoversiktleg trafikkulukke. Ein annan grunn til at boka soleis rettar seg i noko mindre grad til meg som legevakslege i utkant-Noreg enn ein kirurgisk assis-



tentlege ved eit dansk universitetssjukehus, er nok at Danmark stiller med mindre geografiske utfordringar enn Noreg.

Det eine viktige poenget ved den prehospitala scenen får forfattarane fram likevel: det heiter verken «load and go» eller «stay and play» lenger, det heiter no «limited scene intervention» – spar dyrebar tid ved å gjera berre det heilt mest nødvendige på skadestaden. Arbeid heller om bord på transportmiddelet og få pasienten på operasjonsstova så fort som mogleg – eller som ein òg kan seia det: «Load and play».

Resten av boka er velskriven og svært nyttig oversiktskunnskap for allmennlækjarar flest. Boka er rikt illustrert, lettlest og omfattande. Det er noko lite drøfting om evidence, men ho har rikeleg med relevante litteraturtilvisingar. DVD-en er godt produsert, me vert vist rundt i den danske ambulansetenesta, på AMK, akuttmottaket osv. Der er også ein bolk med ferdigheiter som vist på modelldokker og ein om bilettdiagnostikk.

Eg gler meg til den første norske boka måtte komme, kan hende då med ein allmennlækjar og legevakslege som medforfattar?

Bjarte Sørensen,

fastlege Hjelmeland og medlem av NFAs referansegruppe i legevaksmedisin.

¹ Traumatologi, Lennquist S (red). Stockholm: Liber, 2007.